



Møteprotokoll

Utval: Folgefonna nasjonalparkstyre

Møtestad: Odda

Dato: 30.09.2022

Tidspunkt: 09:30 - 12:30

Følgjande faste medlemmer møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Sigrud Brattabø Handegard	Medlem	Vestland fylkeskommune
Jarle Vangen	Medlem	Ullensvang kommune
Mette Heidi Bergsvåg Eikreim	Medlem	Etne kommune

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Hilde Enstad	Medlem	Kvinnherad kommune

Følgjande varamedlemmer møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Leif Sverre Enes	Hilde Enstad	Kvinnherad kommune

Merknader:

Andre frammøtte:

Namn

Astrid Bakke Haavik

Underskrift:

Vi stadfestar med underskriftene våre at det som er ført på dei sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som vart vedteke på møtet. Elektronisk godkjent av:

- Sigrud Brattabø Handegard

- Mette Heidi Bergsvåg Eikreim

Saksliste

Utvalgs-saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv-saksnr
ST 23/22	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 24/22	Val av styremedlem til å skrive under protokollen		
ST 25/22	Framlegg - Ny søknad om nydyrking - Kvinnherad - 87/12 - Hattebergsdalen landskapsvernområde		2020/12839
ST 26/22	Framlegg - Retting og anmeldelse - Folgefonna nasjonalpark - restaurert stølsbu -	X	2022/11690
ST 27/22	Ombygging - stølshus - Liasete - Buer landskapsverområde - Ullensvang - 52/1 - Folgefonna nasjonalparkstyre		2022/10624
ST 28/22	Kommunikasjonsplan til vedtak - Folgefonna nasjonalparkstyre kopier - info - 2022		2022/107
ST 29/22	Partnerskapsavtale med besøkssenter Folgefonna - Folgefonna nasjonalparkstyre - 2022		2022/107
ST 30/22	Referatsaker		
RS 7/22	Framlegg - Vurdering av tiltak - Folgefonna nasjonalpark - restaurert stølsbu	X	2022/11690
ST 31/22	Delegerte saker		
DS 16/22	Søknad - Helikopter - Sandvikekjevften - hund jaget sau - Folgefonna nasjonalpark		2022/12095
DS 17/22	Delegert vedtak - Søknad om løyve til motorferdsel til å berge ut sau etter angrep frå hund Sauabrehytta - Folgefonna nasjonalpark		2022/12095
DS 18/22	Delegert vedtak - motorferdsel - helikopter - dyretransport - Peder Furuberg - Folgefonna nasjonalpark		2022/8727
DS 19/22	Delegert vedtak - Søknad om utvida tidsrom for løyve til å hente ut jordprøver til forskningsprosjekt - Basecamp Research - Bondhusdalen landskapsvernområde - Folgefonna nasjonalparkstyre		2021/5463
DS 20/22	Vedtak Delegert vedtak - Søknad om løyve til motorferdsel til å berge ut sau etter angrep frå hund Sauabrehytta - Folgefonna nasjonalpark		2022/12095
DS 21/22	Delegert vedtak - Søknad om lavtflyging og landing med helikopter på Hersetenuen og Ridbjørg i Folgefonna nasjonalpark - Norges Geologiske Undersøkelse - Folgefonna nasjonalparkstyre		2022/10242
DS 22/22	Framlegg - Buer Landskapsvernområde - Tokheim kraftverk - etablere midlertidig vannledning		2022/10066
DS 23/22	Motorferdsel til transport av material og verktøy til vedlikehald av stølshus - Audun Næs -		2022/11492

ST 23/22 Godkjenning av innkalling og dagsorden

Saksprotokoll i Folgefonna nasjonalparkstyre - 30.09.2022

Handsaming i møte

Vedtak

Innkalling og dagsorden vart godkjent.

ST 24/22 Val av styremedlem til å skrive under protokollen

Saksprotokoll i Folgefonna nasjonalparkstyre - 30.09.2022

Handsaming i møte

Vedtak

Mette Heidi Bergsvåg Eikrheim vart valt til å skriva under protokoll saman med styreleiar. Protokollen vert elektronisk godkjent.

ST 25/22 Framlegg - Ny søknad om nydyrking - Kvinnherad - 87/12 - Hattebergdalen landskapsvernområde

Saksprotokoll i Folgefonna nasjonalparkstyre - 30.09.2022

Handsaming i møte

Styret viser til sitt vedtak frå 24.09.2020 og peiker på at det er komme fram fleire nye element som gjer at saka må sjåast i eit nytt ljós. Søkjar er i gong med eit generasjonsskifte på garden og ønskjer å sikre ein stabil og langsiktig drift.

Det går fram av jordregisteret frå 1955 at omsøkte areal truleg har vore dyrka tidlegare.

Konsekvensutgreiinga om landbruk for Folgefonna Nasjonalpark (2003) er heller ikkje eintydig på at dyrking vil vera i strid med vernet.

Basiskartlegginga frå 2019 syner at beitepresset i området er for lågt, og anbefalar auka beiting i området med ulike dyreslag.

Med utgangspunkt i dette er det styret sitt syn at omsøkte tiltak ikkje strir med vernevedtaket sitt føremål, eller påverkar verneverdiane vesentleg.

Styret har merka seg at søkjar vil nytta storferase (dexter) som høver godt til beiting og vil skjøtte kulturlandskapet på ein god måte.

Vidare er styret si vurdering at dersom omsøkte tiltak ikkje vert gitt løyve til, vil det påverka vernet negativt med gjengroing og redusert naturmangfald.

Styret meiner at ein ved å gi løyve til eit slikt positivt tiltak vil styrke forståinga for vernet hjå lokalbefolkning.

Ein viser elles til løyve som er gitt til opparbeiding av tursti med terrengforandring i nærområdet. Styret kan ikkje sjå at det er rett å handsama denne søknaden annerleis.


Vedtak

Folgefonna nasjonalparkstyre gjev dispensasjon for nydyrking og aktivitet i samband med dette i Hattebergsdalen landskapsvernområde, med heimel i Naturmangfaldlova § 48.

For løyve gjeld følgende vilkår:

- Området som skal dyrkast opp er vist i kartet i figur 1
- Anleggstida vert sett til 1 år.
- Det skal ikkje være synlege skjæringar og all terrengforandring må vere skånsam
- Det skal leggast til rette for tilgong og fri ferdsel langs elva.
- Det skal vere ein buffer på minimum 6 meter mellom elv og innmark.
- Ny sti skal vera etablert samstundes som nydyrking tek til.
- Eventuell inngjerding og/eller grunder skal etablerast slik at det ikkje er eit hinder for allmenn ferdsel på sti.
- Løyvet til nydyrking gjeld i 10 år frå vedtaksdato. Innan denne fristen skal påbegynt tiltak vere ferdigstilt.

Løyve gjeld kun for tilhøve til forskrift om vern for Hattebergsdalen landskapsvernområde. For avklaring og løyver etter andre lovverk, ta kontakt med Kvinnherad kommune for rettleiing.



Figur 1: Kart som viser utstrekning av areal som skal dyrkast opp. Det er lagt opp til ein buffer mot elva på minimum 6 meter.

ST 26/22 Framlegg - Retting og anmeldelse - Folgefonna nasjonalpark - restaurert stølsbu - Vierdal

Saksprotokoll i Folgefonna nasjonalparkstyre - 30.09.2022

Handsaming i møte

Jarle Vangen er svoger til nabo til tiltakshavar. Tilhøvet reknast ikkje å vere så nært at han er ugild i saka.

Vedtak

Folgefonna nasjonalparkstyre vedtek å sende ein førespurnad til søkjar om å gjere greie for tiltaka som er gjort. Brevet skal også vere eit førehandsvarsel til tiltakshavar om at dei vil krevje

retting av tiltak som ikkje er i tråd med byggeløyve. Elles vil nasjonalparkstyret avvente ein eventuell anmeldelse til tiltakshavar har svart på førespurnaden.

ST 27/22 Ombygging - stølshus - Liasete - Buer landskapsverområde - Ullensvang - 52/1 - Folgefonna nasjonalparkstyre

Saksprotokoll i Folgefonna nasjonalparkstyre - 30.09.2022

Handsaming i møte

Folgefonna nasjonalparkstyre meiner det er viktig at stølshus vert ivaretekne i tråd med tradisjonell byggeskikk og tilpassa landskap og stølsvollen som heilskap. Styret arbeider med å få på plass ein retningsline for byggeskikk i Folgefonna nasjonalpark og dei kringliggande landskapsvernområda.

Vedtak

Folgefonna nasjonalparkstyre avventar handsaming av søknad til synfaring er gjennomført med kulturminnemynda. Styret ber søkjar om å komme med alternative forslag til ombygging som vil passe betre inn med eksisterande stølshus i areal og utsjånad.

ST 28/22 Kommunikasjonsplan til vedtak - Folgefonna nasjonalparkstyre kopier - info - 2022

Saksprotokoll i Folgefonna nasjonalparkstyre - 30.09.2022

Handsaming i møte

Folgefonna nasjonalparkstyre og styret for Besøkssenter Folgefonna nasjonalpark diskuterte kommunikasjonsplanen i fellesskap. Dette vert eit felles arbeidsdokument for nasjonalparkforvaltar og besøkssenteret sitt arbeid med formidling og kunnskapsinnhenting. Styra foreslo nokre endringar i teksten i tabellane for besøkssmål og innfallsportar for å klargjere geografisk lokalisering av desse. Det er meininga å arbeide etter planen framover og revidere innan utgongen av 2023.

Vedtak

Folgefonna nasjonalparkstyre vedtek kommunikasjonsplanen med dei endringane som er tilførte.

ST 29/22 Partnerskapsavtale med besøkssenter Folgefonna - Folgefonna nasjonalparkstyre - 2022

Saksprotokoll i Folgefonna nasjonalparkstyre - 30.09.2022

Handsaming i møte

Nasjonalparkforvaltar og dagleg leiar for besøkssenteret klargjorde for bakgrunnen og føremålet med å få på plass ein partnerskapsavtale mellom besøkssenteret og nasjonalparkstyret.

Nasjonalparkstyret og styret i besøkssenteret

Vedtak

Folgefonna nasjonalparkstyre vedtek partnerskapsavtalen saman med Besøkssenter Folgefonna nasjonalpark.

ST 30/22 Referatsaker

Saksprotokoll i Folgefonna nasjonalparkstyre - 30.09.2022

Handsaming i møte

Vedtak

Styret tek referatsakene til vitande.

ST 31/22 Delegerte saker

Saksprotokoll i Folgefonna nasjonalparkstyre - 30.09.2022

Handsaming i møte

Vedtak

Folgefonna nasjonalparkstyre tek dei delegerte sakene til vitande.

